



Fylkesmannen i Vestland
Njøsavegen 2
6863 LEIKANGER

Referanser:
Dykkar:
Vår: 19/1935 - 19/22184

Saksbehandlar:
Eilin Houlison Molvik
EilinHoulison.Molvik@lindas.kommune.no

Dato:
10.07.2019

Oversending av søknad om dispensasjon for frådelling til uttale - gbnr 126/3 Hope

Tiltak: dispensasjon for frådelling
Byggjestad: Gbnr: 126/3
Tiltakshavar: Mongstad Vekst AS
Ansvarleg søkjar: Arkoconsult AS

Saka gjeld søknad om dispensasjon frå LNF-føremålet i kommunedelplan for Lindåsneset med Mongstad for frådelling av bygningsmasse og omkringliggjande areal frå eigedom gbnr. 126/3 på Hope i Lindås kommune. Arealet som er søkt frådelt er opplyst å ha ein storleik på om lag 3939 m².

Det er i søknad opplyst at eigedom gbnr 126/3 vert overdratt til naboeigedom i drift, det er lagt fram avtale om kjøp. Eigedom gbnr. 126/3 vil etter planlagd frådelling ha ein storleik på 378622,9 m².

Avtalen ligg ved oversendinga, vi gjer merksam på at den inneheld opplysningar som ikkje skal offentleggjerast.

Tiltaket krev og det er søkt om dispensasjon frå LNF-føremålet i gjeldande KDP for planlagd frådelling. Det er i tillegg søkt om dispensasjon frå pbl § 1-8 som følgje av at planlagd ny parsell ligg nærare Kernhushelva og bekken som går inne på eigedomen.




Planlagd frådelling kjem ikkje i konflikt med reguleringsplan Fv 57 – gang og sykkelveg Lindås tettstad – Mongstad.

Planstatus

Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommunedelplanen for Lindåsneset med Mongstad er definert som LNF-føremål.

Det er per no berre søkt om dispensasjon i samband med planlagd frådelling av del av eigedom gbnr. 126/3. Arealet som er søkt frådelt er i NIBIO's sitt gardskart definert som «Annet markslag» og «Produktiv skog»





Saka vert no oversendt regionale for uttale. Saka vert oversendt landbruksavdeling for uttale og handsaming etter jordlova. Kommunen si handsaming av saka vil i stor grad avhenge av dykkar utale og handsaming av saka.

Frist

Frist for uttale er 4 veker frå oversendinga, jf. pbl. § 21-5 (3).

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Eilin Houlison Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Søknad om dispensasjon for frådeling - gbnr 126/3 Hope

B 1-3

C-1-2

D-1

Avtale om kjøp av areal

Avtale om kjøp av areal- vedlegg

grunnkart matrikkel gbnr 126_3

Utsnitt KDP gbnr 126_3

Utsnitt Orthofot 2018 gbnr 126_3

Kopi til:

Arkoconsult AS	Postboks 103	5291	VALESTRANDSFOSSEN
Arkoconsult AS	Postboks 103	5291	VALESTRANDSFOSSEN
Mongstad Vekst AS	Hagellia 6	5914	ISDALSTØ
Mongstad Vekst AS	Hagellia 6	5914	ISDALSTØ

Mottakarar:

Fylkesmannen i Vestland	Njøsavegen 2	6863	LEIKANGER
Landbruksavdelinga			
Statens vegvesen Region vest	Askedalen 4	6863	LEIKANGER